

Referat Vår møte Langrenn, digitalt 27.05.2021

SAK 1: Godkjenning og innkalling og sakliste

SAK 2: Val av referent

Laila Bosdal-Thorsen

SAK 3: Oppsummering av sesongen 2020-2021

Sesongen 2020-21 har vore ein spesiell sesong med restriksjonane kring covid 19, men likevel har vi fått gjennomført det meste av det som har vore planlagt.

Arrangement har vore gjennomført om lag som planlagt. Noko flyttinga av renn og dagar for å få det til.

Krinslag; gjennomført alle samlingar utanom Beitostølen og NoregsCup.

Seniorar har fått konkurrerte mindre denne sesongen.

<i>Arrangement:</i>	<i>Deltaking 2021 (2020)</i>
-7 renn i SSF-cup	-KM; 69 (91)
-2 krinsrenn før jul	-SSF -cup 137 løparar (jr)
- KM i alle øvingar.	

Deltakarar i KM har noko nedgang i år. Seniorane fekk ikkje delta, men likevel er det nedgang i tal deltakarar.

NorgesCup på Langeland i februar med Førde IL og Gaular IL som arrangørar, vart gjennomført under så kalla perfekte forhold og vert omtalt som eit prikkfritt arrangement



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKREINS
.....

Oppsummering frå klubbane:

Sogndal, Tommy Harjo:

- God aktivitet både denne sesongen og sist sesong. Det er stor aktivitet blant dei yngre.
- 51 påmelde frå Sogndal på Hodlekverrennet.
- Dette har vore ein god sesong, men vi sakna dei store renn der dei eldre har fått reist til andre delar av landet og prøvd seg.

Eid, Mats Andersson:

- Vi har hatt mange gode og kalde treningar.
- Det har vore lite fråfall, men heller ikkje stor rekruttering.
- Veldig kjekt med besøk av idrettskulen og vi hadde 60 aktive barn fire kveldar.
- På klubbrenn har vi over 50 deltakarar.

Gaular, Bodil Ryste

- Det har vore god deltaking på karusellrenn og sonerenn på langeland blandt dei yngste.
- Gaular har eit godt samarbeid med Førde som gjer det lettare å få med fleire foreldre på dugnadar. Dugnad vert ufarleggjort når ein får jobbe saman med andre som har gjort det før. Dette tryggjer «nye» føresette.
- Om det har vore god deltaking på renn i klubb, har vi ein jobb å gjer for å få deltakarane til å delta på krinsrenn. Trur nok ein må oppmuntre og informere nye når ein er i trygge og lokale omgjevnadar. Nye foreldre opplever krinsrenn som profesjonelt og det må vi jobbe med lokalt for å ufarleggjere.

Førde, Yngve Thorsen

- Fekk gjennomført klubbrenn, sone renn, dei fleste krinsrenn med unntak av to og ei NoregsCup-helg. Sett sesongen under eitt må Førde seie seg fornøgde i høve arrangement på Langeland



- Det vart produsert godt med snø i ein kuldeperiode. Snøproduksjonen berga resten av skisesongen når det milde veret slo inn.
- Førde klarer å halde på løparar. Det er lite fråfall i 12-13 årsalderen.
- I høve rekruttering har vi ei utfordring i alderen 1. -4. klasse. Vi ser ein klar nedgang i tal utøvarar på treningane dei siste året.
- På trening har vi om lag 60-70 utøvarar. Dette er ei halvering i forhold til korleis det var for ein del år tilbake. I Førde må langrenn konkurrere med andre idrettar då fleire idrettar er blitt såkalla heil års idrettar, men også ustabile snøtilhøve kan vere ein grunn.

Markane, Nils Heggdal

- I år kom snøen seint, og når den endeleg kom vart det nedstenging. Når det endeleg opna att forsvann snøen..... Gode snøforhold når skisesongen var over.
- Dei som deltek i langrenn er også med på skiskyting.

Bjørn IL, Knut Kjærvik

- Gode snøforhold sidan oktober.
- Arrangert tre kretsrenn med god deltaking.
- Godt trenings år og god rekruttering.

Kan med dett konkludere at det skjer mykje godt arbeid i klubbane!

SAK 4: Rammer for Terminliste 2021-2022

Prosess framover

- Rammer for terminlista vert lagt fram på vårmøtet og drøfta med klubbane i samband med Vårmøtet, 27.05.2021
- Bearbeida terminliste går til høyring i klubbane med svarfrist ca 15.09.2021
- Terminlista blir handsama i langrennskomiteen, ca oktober 2021
- Endeleg handsaming i samband med Haustmøtet i slutten av oktober



Utkast/føringar

- KM i Nordfjord (Eid/Markane)
- KM langdistanse Førde
- SSF – cup avslutning i Førde
- Bjørnstarten 5. desember
- Sogndal 19. desember

LK tykkjer laga er flinke til å flytte og ta i mot renn. Håpar dette fortset.

Drøfting og kommentarar frå klubbane:

Markane har renn den helga KM er sett opp! Norgescup i skiskyting.

- Skal ein gå for rein KM-helg fredag til søndag?

Førde IL ynskjer dette. Det vart også sagt på haustmøtet 2020 at ein skulle tilbake til dette då det er eit miljømessig tiltak

- Kor mange renn i romjula ynskjer ein å ha?

Ingen kommentarar

- Viktig med renn tidleg i sesongen?

Førde og Eid ytra at dette er viktig.

Rennfri helg?

Blei samde på haustmøtet at det ikkje var naudsynt

-Øvelsar/distansar

Bjørn: ynskjer skøyting grunna då får dei med seg dei yngste. Rekrutteringstiltak.



Førde: Ynskjer variasjon i stilartar, fleire sprintar, duatlon, fellesstart og stafett

Markane: Ynskjer fristil grunna skiskyting.

SAK 5: Rekruttering i klubb

God klubbdrift legg grunnlaget for å skape god aktivitet, men det kan av og til vere krevjande å finne nok tid, prioritere og vite korleis ein går fram for å realisere det ein ynskjer.

Skiforbundet har utarbeida fleire nyttige verktøy som de kan nytte i eigen skiklubb. Skikrinsen kjem gjerne til din klubb!

HER ER NOKRE FORSLAG TIL KVA VI KAN TILBY:

- [Delta på eit styremøte](#) for å bli betre kjent og presentere moglegheiter for klubben
- [Ha ein temakveld](#) for trenarar, aktivitetsleiarar og foreldre rundt verdiar og roller
- [Køyre ein work-shop](#) for korleis ein kan arrangere gode og attraktive arrangement i klubben
- [Arrangere ein klubbkveld](#) for både utøvarar, frivillige, tillitsvalte, foreldre og trenarar med fokus på klubben si framtid
- [Gjennomføre ein utviklingsprosess](#) med styret for å prioritere og definere konkrete tiltak i klubben

Vi kan skreddarsy eit eige opplegg til dykkar skiklubb ut i frå kva ynskje og behov de har, enten det handlar om aktivitet, anlegg, arrangement, kompetanseheving eller andre rammevilkår.

Ta kontakt med Sogn og Fjordane Skikrins!

Skiforbundet har ei god nettside ein kan få gode tips og idear frå: [Temasider \(skiforbundet.no\)](#)

Innlegg frå klubb:

Bodil Ryste frå Gaular IL la fram korleis dei jobbar i Gaular:

- ✓ Ca 60 barn/unge på trening kvar veke – Bygstad/Sande
- ✓ Onsdag 18-19 alle grupper, alltid Langeland
- ✓ Haustferie til påske. Evt «spontane» treningar utanom



SOGN OG FJORDANE
SKIKREINS

- ✓ Foreldremøte ved oppstart (godt oppmøte)
- ✓ Tilbod frå og med 2. klasse. Yngre er del av allidrett.
- ✓ Gaular Langrenn på fb + nettside
- ✓ Karusellrenn + andre renn (godt samarbeid med Førde IL)

Suksessfaktorar

- ✓ Samordning internt i idrettslaget: Vi «slost» ikkje om barna
- ✓ Når ut med informasjon + «det smittar» (fleire som begynner utover i sesong)
- ✓ Langrenn er populært: Foreldra ønsker at barna skal lære å gå på ski
- ✓ Foreldra er positive til dugnad og elles stille opp som hjelparar
- ✓ Langeland skisenter: Oppmøte same stad og same tid kvar gong. Brukar det som eit heilårsanlegg. Utprøving av rulleski for alle grupper!
- ✓ Engasjerte trenarar!
- ✓ Leikbasert/fokus på gøy – men høgt aktivitetsnivå!!
- ✓ Karusellrenn fin inngangsport til konkurranse (ufarleggjere)

Utfordringar

- ✓ Når marginale snøforhold
- ✓ Nok vaksne/nok trenarar over tid (framtid)
- ✓ Overgang barn – ungdom
- ✓ Til dels utstyr

Knut Kjærvik la fram korleis dei jobbar i IL Bjørn:

- ✓ Hovudmål å skape eit godt langrennsmiljø for alle aldersgrupper
- ✓ Eit breiddetilbod
- ✓ Utvikle utøvarar som ynskjer å satse

Før sesongen

Marknadsføring

- ✓ Informasjonsskriv vert gjeve ut på skulane



SOGN OG FJORDANE
SKIKREINS

- ✓ *Sogn Avis*
- ✓ *Facebook*
- ✓ *E-post*
- ✓ *klubbkveld*

Sesong 2020-21

- ✓ Oppstart barmarkstrening etter haustferien
- ✓ Klubbkveld
- ✓ Fyrste økt på ski i november
- ✓ Tre krinsrenn

Rekruttering- Kva fungerer godt i IL Bjørn?

- ✓ God informasjon
- ✓ Koordinering av treningstilbod ift andre idrettar
- ✓ Tilpassa og variert treningsopplegg
- ✓ Arrangement som skapar entusiasme
- ✓ Dugnad
- ✓ Sosiale aktivitetar
- ✓ Fokus på leik og moro
- ✓ Interesserte og engasjerte trenarar
- ✓ Snøsikkert anlegg

SAK 6: Breiddesamlingar (12-16 år)

Faste breiddesamlingar i samarbeid med klubbar:

- ✓ Ullsheim - august/september
- ✓ Langeland – september
- ✓ Enivest skiskule, Førde – oktober
- ✓ Idrettens Møteplass (for alle idrettar) – oktober
- ✓ Jentesamling – vinter
- ✓ Sognefjellet Sommarskiskule – juni 2022



Skikrinsen tilbyr litt økonomisk støtte til innkjøp av mat på bedriftskortet til Coop Extra.

SAK 7: Krinslaget 2021-2022

STATUS KRINSLAGA I LANGRENN 2020-2021

- ✓ Hovudtrenarar: Simen Bækken og Roger Pollen
- ✓ Utøvarar: 5 senior, 9 eldre jr, 20 junior, 8 impulsløparar (42 løparar totalt)

Sportsleg status vart lagt fram av trenarane:

- ✓ Kjende løparar, nokre nye
- ✓ 26 utøvarar på samlinga i Skjolden denne helga
- ✓ 42 påmelde totalt
 - Mengde trenarar må diskuterast.
- ✓ I fjor hadde Krinslaget ei utfordring i høve det sosiale grunna covid. Dette sakna dei, men dei er glad for at ein klarte å gjennomføre samlingane.

Leiar i LK:

- ✓ Treng trenarkrefter ved samlingar i lokalmiljøet.
- ✓ Er det andre klubbar som ynskjer å ha samlingar ved neste sesong må dette meldast til Skikrinsen.
- ✓ Løparkontrakt på krinslaget:
 - Leiar i LK, Tor Arne, reiser fredag 28.5 inn til Skjolden og går gjennom kontrakt og anna informasjon kring krinslaget.
- ✓ Innført ein trappemodell grunna økonomi for idrettslaga.

Kommentarar frå idrettslaga:

- ✓ Yngve Thorsen, Førde IL:
 - Ønsker flest mogeleg inn på krinslaget difor ønskjer vi å støtte utøvarane økonomisk. Positiv til trappemodell.



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS
.....

- FIL Langrenn er på mange område fornøgdde med drifta og opplegget rundt krinslaget. Krinslaget har lange tradisjonar, og står for ein viktig sportsleg kontinuitet for langrennsmiljøet i Sogn og Fjordane.
Om ikkje ein hadde hatt tilbodet til krinslaget er vi redde for at det hadde vore få satsande juniorløparar i skikrinsen, vidare skapar laget grunnlag for eit godt miljø på tvers av klubbane i krinsen.
 - Vidare saknar utøvarane våre oppfølging mellom samlingane. Fleire utøvarar har gitt uttrykk for at dei m.a. har skrive treningsdagbok (OLT), utan at trenarane har kommentert innhaldet. Nokre har også gitt tilbakemelding om mangelfull oppfølging ifbm. samlingane. Vi ynskjer at trenarane skal vere tettare på utøvarane i kvardagen.
 - Per i dag er det for mange utøvarar per trenar. Dette må LK jobbe med.
 - Kommentar frå Simen: må vere kontinuitet i trenarkrefter for å bygge relasjonar
-
- ✓ Krinslaget treng fleire trenarar så LK ynskjer at laga kan spele inn namn på trenarkrefter som kan vere ein kontinuitet i laget!
 - ✓ FIS-punkt. Kva gjer ein for å halde oppe motivasjonen oppe. Politisk utfordring! NSF jobbar noko med dette.

SAK 8: Team Elon Vest/ Team Elon Vest Rekrutt

Ti løparar, fire kvinner/ seks herrar 2021-2022

- ✓ Gjøran Tefre (Førde IL)
- ✓ *Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL) (rekruttlandslaget 2021-2022)*

Trenar: Eivind Bjaaland

Sportsleg status

- har hatt utøvarar som har gjort det godt på

- ✓ World Cup



SOGN OG FJORDANE
SKIKREINS

- ✓ U23 VM
- ✓ NorgesCup
- Utøvar som var VM-reserve

TeamElon Vest – rekrutt

- samarbeid på seniornivå
- felles samlingar ARS, Hord og SF

SAK 9: Økonomi/ marknad

STATUS SAMARBEIDSAVTALAR

- Sparebanken Sogn og Fjordane: Går fram til 31.12.2023
- Sogn og Fjordane Energi: Går fram til 30.04.2022
- Intersport Førde/ Erdal Sport: Går fram til 31.05.2024

REKNESKAP 2020

Langrennskomiteen 2020	Rekneskap	Budsjett
Budsjett Driftsinntekter	Kr. 1 154 858,-	Kr. 1 526 800,-
Driftskostnader	Kr. 986 550,-	Kr. 1 526 800,-
Resultat	Kr. 168 309,-	Kr. 0,-

Kommentar til rekneskapen:

- Komiteen har eit betre resultat enn budsjettert totalt.
- På drift i komité har ein ca. kr. 25 000,- betre ein budsjettert på momskompensasjon.
- Trenarkurs Sognefjellet og Sommarskiskulen vart ikkje gjennomført grunna covid-19, noko som gjer at driftsinntekter og -utgifter er lågare enn budsjettert for komiteen.
- Ein er på budsjett på Hovudlandsrennet og litt betre resultat enn budsjettert på FISrenn. NM og Jr. NM vart ikkje gjennomført grunna covid-19, og desse prosjekta har difor eit betre resultat enn budsjettert.



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKREINS
.....

-På prosjekt Krinslag har ein betre resultat enn budsjettert med noko mindre kostnad på overnatting (Beitostølen og Gålå utgjekk grunna covid-19 restriksjonar).

Ref.

Laila Bosdal-Thorsen